



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref:	Vår ref.:	Arkivnr.:	Dato:
	2012/68	433.52	21.03.2012

Innkalling til møte i rovviltnemnda 29. mars 2012 i Drammen

Det blir møte i rovviltnemnda Region 1 i Drammen, Rica Park Hotel, 29. mars etter oppstartmøtet for rovviltnemndene i regionene 1, 2 og 3 første dag.

Saksliste:

01/12: Innspel frå Fylkesmannen i Vest-Agder om oppfølging av kongeørnprosjektet

02/12: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2011. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak

03/12: Oppfølging av revidert forvaltingsplan for region 3

04/12: Innspel frå Sogn og Fjordane bondelag om ekstraordinært uttak av jerv i Luster/Årdal

05/12: Orienteringssaker

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Kopi pr epost m/vedlegg:

- Fylkesmennene i Region 1
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Merethe Støfring, Sogn og Fjordane Bondelag
- Birger Aasland, her
- Anita Bjørsvik, her

Vedlegg:

- Saksframlegg frå sekretariatet
- Brev frå FM Vest-Agder av 12.03.12
- Brev frå MD av 03.01, høyring på endring av rovviltforskrifta
- Brev frå DN av 09.03.12, planleggingsrammer for rovviltnemndene
- Vedtak om ekstraordinær felling av jerv 02.03.12
- Uttale frå FM Vest-Agder av 22.02.2012 om endringsforslag i rovviltforskrifta
- Førebels sluttrapport frå kongeørnprosjektet, Ambio 29.12.11

Adresseliste rovviltnemnda pr epost:

- Noralv Distad, noralv.distad@sfj.no
- Marit Barsnes Krogsæter, marit.krogsater@sfj.no
- Sveinung Valle, Sve-vall@online.no
- Oddny Omdal, Odd-omda@online.no
- Sveinung Stensland, sveinung.stensland@rogfk.no
- Nils P. Støyva, nils.p.stoyva@sfj.no
- Jenny Følling, Jenny.folling@sfj.no
- Benthe Bondhus, benth-bo@knett.no
- Benjamin Grønvold, bgr@politiker.vaf.no
- Inghild Vanglo, inghild.vanglo@eigersund.kommune.no

Saksframlegg frå sekretariatet

01/12: Innspel frå Fylkesmannen i Vest-Agder om oppfølging av kongeørnprosjektet

Saksopplysningar

Jobben med å skaffe oversikt over hekkande kongeørn i regionen er snart ferdig, og det er klart for etablering av overvåkingsområde. Fylkesmannen i Vest-Agder foreslår at dette arbeidet vidareførast i form av ei tettare kobling til skadeproblematikken. Fylkesmannen har peika på desse momenta:

- Web-kamera montert mot bestemte kongeørnreir for å få eventuelle indikasjonar på skade.
- Systematisering av kunnskap om skader frå kongeørn på sau frå registreringar i Rovbase dei siste 15 åra. I regionen har det og vore fleire daudpeileprosjektar med kongeørnskade. Informasjonen kunne nyttast til å generere kunnskap om kongeørn som skadevaldar
- Kan slik kunnskap nyttast til dømes som underlag for fylkesmennene sine vurderingar om skadefelling av kongeørn ? Vil det kunne bli enklare å peike ut skadevaldaren mellom ørnane ?

Viltforvaltar Tor Punsvik frå Fylkesmannen i Vest-Agder orierterer på møtet.

02/12: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2011. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak

Saksopplysningar

DN har gitt ei planleggingsramme for region 1 på kr 1 000 000,- frå kap 1427.73 i 2012, jf brev av 09.03.2012. Denne posten skal nyttast til førebyggjande og konfliktdempande tiltak (FKT) i regionen, samt til driftsutgifter for nemnda. I tillegg har Region 1 ei ramme på kr 300 000,- til honorar for nemnd og kompensasjon for løn og drift av sekretariatet i 2010.

Rovviltnemnda har prioritert ”prosjekt kongeørn” sidan 2010. Prosjektet er leia av Toralf Tysse i Ambio as, og har som mål å skaffe best mogleg oversikt over hekkande kongeørn i heile regionen, jf tilbod frå Ambio av 07.12.2010. Vi syner og til avtale med fylkesmennene i regionen og brev til Ambio av 26.01.2011. Økonomisk ramme for avtalen er kr 1053 500,- inkl. moms. Fram til no har fylkesmennene betalt kr 537 000,- i 2010 og kr 263 900 i 2011. I tillegg har FM sogn og Fjordane utbetalt 14 625 til Gunnar Bergo i 2011. Det står etter dette att ei utbetaling på kr 237 975,- etter ramma. Prosjektet skal ferdigstillast våren 2012.

Fylkesmennene har fått desse søknadane om tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak gjennom elektronisk søknadssenter i 2012:

Alle fylkesmenn: Søknad frå prosjektet ”Find my sheep” om utvikling av e-sporing av sau på beite ved hjelp av satelitteknologi. Søknad om kr 75 000,- frå kvar fylkesmann.

Vest-Agder: har ikkje fått inn søknadar i år.

Rogaland: Har mottatt søknad frå Vestskog/Sogn og Fjordane Skogeigarlag om tilskot til oppretting av skadefellingslag i Rogaland. Rogaland sau- og geitalslag stiller seg bak søknaden. Søknadsbeløp kr 100 000,-.

Hordaland: Søknad frå Fitjarøyane beitelag om ulike tiltak for å redusere skade av kongeørn på utgangarsau. Kr 40 000,-

Sogn og Fjordane: Har mottatt 2 søknadar om tilskot til gjeting/utvida tilsyn i beiteområde som ofte er utsett for jerveskade:

- Luster sankelag kr 90 000,-
- Legehagen og Årdalskupa beitelag kr 40 000,-

I tillegg har Fylkesmannen mottatt søknad frå Vestskog/Sogn og Fjordane skogeigarlag om driftstilskot til skadefellingslaget i Sogn og Fjordane på kr 100 000,-.

Reglane for tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak føreset at alle søknadar nyttar elektronisk søknadssenter, og at dei er innsendte innan fristen 15.01.2012. Søknadssenteret skal og nyttast for rapportering av nytta tilskot. Det ligg likevel føre søknadar frå organisasjonar eller fylkesmenn utover dei som er lagt inn i søknadssenteret:

Fylkesmannen i Vest-Agder har oversendt innstilling på 6 prosjekt, til saman kr 200 000,- til rovviltnemnda etter drøfting med Kontaktutvalet i fylket, jf brev av 12.03.2012:

- Investering og drift av skadefellingslag, kr 35 000,-
- Etablering av vertskommune for skadefellingslag, kr 10 000,-
- Etablering av kadaverhundmiljø i fylket, kr 50 000,-
- Viltkamera i områder med store tap, kr 25 000,-
- ”Find my sheep”, sjå over, kr 30 000,-
- Beredskapsmidler akutte tiltak, kr 50 000,-

Sogn og Fjordane har og fått inn et par søknadar utanom søknadssenteret, truleg på i underkant av kr 150 000,-. Ein av desse er frå Fortun beitelag (sjå under rapport 2011). Det er ikkje mogleg å få klårt svar på det pr i dag frå FM pga. fråvær. Hermund Mjelstad orienterar nærare på møtet.

DN gjer spesielt merksam på at rovviltnemndene må ta høgde for eventuelle behov for akutte tiltak i beitesesongen. Det gjeld både behov for førebyggjande tiltak som t.d. tidleg nedsanking og kostnadar knytt til godtgjering av fellingslag dersom det blir aktuelt å iverksette skadefelling etter 1. juni.

Ramma for godtgjering av rovviltnemnda og drift av sekretariat er i år på 300 000,- i region 1. Det er opp til nemnda å vedta fordeling mellom nemnda og sekretariat. Godtgjering av nemnda må tilpassast planlagt møteverksemd. Etter dette møtet er det planlagt ytterligare to ordinære møte i år. Post 1427.21 kan ikkje nyttast til FKT.

For første gong i år har DN sett av kr 1,95 mill. i tillegg til vaktberedskap hos fylkesmennene for å sikre raskare handsaming av akutte hendingar i samband med rovdyr (sjå brev frå DN). Rovviltnemnda må sjølv vurdere behovet og eventuelt gje råd om fordeling mellom fylkesmennene i regionen. Vi er ikkje kjende med at det eksisterer slik vaktordning pr i dag i region 1. Kostnaden pr vaktveke vil vere på kr 1700,-.

Rapport 1427.73 frå 2011

Frå ramma til FKT skal det også budsjetterast driftutgifter til rovviltnemnda. For 2011 blei det sett av kr 120 000. Kr 63 000,- blei nytta. Dei reelle kostnadane var noko større (om lag kr 20 000), og dei er belasta årets budsjett. I 2010 blei det nytta kr 107 000 av budsjettet kr 150 000.

Vest-Agder: Kr 13 500,- blei nytta til etablering av nytt interkommunalt skadefellingslag.

Rogaland: Kr 6000,- blei utbetalt som tilskot til tidleg nedsanking frå fjellbeite i Suldal i 2010. Kr 179 000,- blei overført til kongeørnprosjektet.

Hordaland: Kr 30 000,- blei nytta til flytting av villsau i Fitjar kommune for å redusere tap til kongeørn.

Sogn og Fjordane: Kr 35 900,- + 14 625,- blei overført til kongeørnprosjektet. I tillegg blei det utbetalt tilskot til 13 prosjekt (jf brev av 01.02.2012), det fleste til utvida og ekstraordinært tilsyn i samband med førekomst av jerv. Til saman blei det utbetalt kr 455 000,-.

Fylkesmannen har prioritert å styrke skadefellingslaget. Delar av tilskot til ekstraordinært tilsyn er kombinert med søk med kadaverhund. Fylkesmannen har god tru på bruk av hund ved kadaversøk. Tilskot til Fortun beitelag er knytt til bruk av vokterhund og gjetar. Normalt skal ikkje slikt tiltak vere naudsynt i område som er prioritert til beitedyr, men Fylkesmannen meiner nærleiken til region 3 og god effekt i høve til låge tap er god grunn til å gje tilskot.

Vurdering og grunngjeving

1247.73	Budsj 11	Brukt 11	Søknad 12	Søknad 12 tillegg	Akuttbehov 12
Nemnda, drift	120 000	63 000	<i>120 000</i>		
Vest-Agder	150 000	13 500	0	150 000	50 000
Rogaland	225 000	185 000	100 000	0	<i>50 000</i>
Hordaland	50 000	30 000	40 000	0	<i>10 000</i>
Sogn og Fjordane	455 000	455 000	230 000	150 000	<i>100 000</i>
Kongeørnprosjektet		278 525	238 000		
Til saman	1000 000	747 025	728 000	300 000	<i>210 000</i>

Tabellen over syner forbruk som er belasta 1427.73 i 2011, budsjett i 2011 og rammebehov for 2012. Rammebehovet for 2012 er delt mellom søknadar som er registrert ordinært gjennom elektronisk søknadssenter, tilleggssøknadar og behov for restmidlar hos fylkesmennene til akutte tiltak. Tal i kursiv er sekretariatet sitt forslag.

Rovviltnemnda skal fordele rammetilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak til fylkesmennene i regionen og gje føringar for bruken til fylkesmennene jf "Regelverk for tilskudd til forebyggjande og konfliktdempjande tiltak i forhold til rovviltskader" (22.10.2004), §6. Kap 8.4 i forvaltingsplanen for Region 1, "Førebyggjande og konfliktdempjande tiltak", vil vere retningsgjevande for bruken av rammetilskotet.

Rovviltnemnda har vedteke rapporteringsfrist for bruken av tilskotsmidla: Frå fylkesmennene til DN og rovviltnemnda innan 15. januar 2011. Innhaldet i rapportane bør leggest til grunn ved fordeling av og bruken av rammetilskotet.

Framlegget til vedtak er vidare basert på søknadar om tilskot til fylkesmennene, innrapporterte behov frå fylkesmennene, og kunnskap om rovviltførekomst og skadesituasjonen i dei ulike fylka. Fordeling av utgiftar frå 1427.73.3 og 1427.21 på rovviltnemnd og sekretariat er basert på bruken i 2011 og stipulert behov i 2012.

Sekretariatet vil og streke under behov for fullfinansiering av kongeørnprosjektet, som har vore høgt prioritert av nemnda. Post 1427.73 kan nyttast til dette føremålet. Kr 238 000,- står att på dette prosjektet i høve til rammeavtalen. I avtalen er det tatt høgde for å kunne justere beløpet dersom kostnadane skulle syne seg å avvike frå tilbodet, eller om arbeidet avviker frå bestillinga/prosjektbeskrivinga. Pr i dag vil vi rå til at nemnda budsjetterer med kr 238 000,-, og at denne summen overførast til fylkesmannen i Rogaland for vidare handsaming og utbetaling.

Rovviltnemnda må ta høgde for godtgjering av fellingslag i samband med skadefelling og for behov for tilskot til akutte tiltak. Slike summar er vanskelege å budsjettera med og ligg inne som "reserve" i tabellen under.

I tabellen over er det ført opp søknadar og behov for kr 1238 000,- for 2012. Det betyr at einskilde prosjekt må nedprioriterast. I utgangspunktet vil vi foreslå at søknadar som ikkje har kome inn i samsvar med reglane, dvs innan 15.01 og på elektronisk søknadssenter, ikkje blir prioritert. Vi ser likevel at fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Vest-Agder prioriterar deler av desse søknadane høgt, og vi har difor foreslått tilleggsbeløp for desse fylka under "fordeling på søknad" i tabellen under "Framlegg til vedtak". Utgiften til kongeørnprosjektet er plassert under FM Rogaland, og samstundes er søknaden på tilskot til fellingslag i Rogaland redusert med kr 50 000,-. Søknadar som er avgrensa til utvida tilsyn bør ikkje prioriterast.

Sekretariatet foreslår at tildelinga over kap 1427.21, kr 300 000,- budsjetterast med kr 120 000,- til godtgjering av rovviltnemnda, resten som kompensasjon for sekretariatet. I 2011 blei det nytta kr 85 000,- til godtgjering av rovviltnemnda.

DN har utanom rammetildelinga til regionane sett av 1,95 mill. til styrking av beredskapen hos fylkesmennene i 2012, i påvente av tilråding frå rovviltnemndene. Sekretariatet meiner dette er ein god ordning, som vil styrke beredskapen, gje viktig kreditering av vaktmannskap i embeta og forplikte fylkesmennene i sterkare grad til rask sakshandsaming av akutte saker. Vakttelefon i 15 veker (beitesesongen frå juni til 10. september) i 4 fylke vil koste 102 000,- etter den satsen DN har sett opp. Vi rå til at rovviltnemnda anbefaler DN å styrke beredskapen i regionen med kr 102 000,- fordelt likt på alle 4 fylka.

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak på dette viset for 2012:

<i>1427.73</i>	<i>Fordeling på søknad</i>	<i>I reserve FM</i>	<i>Til saman</i>
<i>Drift av nemnda</i>			<i>120 000</i>
<i>FM Vest-Agder</i>	<i>42 000</i>	<i>50 000</i>	<i>92 000</i>
<i>FM Rogaland</i>	<i>288 000</i>	<i>50 000</i>	<i>338 000</i>
<i>FM Hordaland</i>	<i>40 000</i>	<i>10 000</i>	<i>50 000</i>
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	<i>300 000</i>	<i>100 000</i>	<i>400 000</i>
<i>Sum</i>	<i>670 000</i>	<i>210 000</i>	<i>1 000 000</i>

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Fylkesmennene bør og vere opne for å gje støtte til felles tiltak innan regionen eller med naboregionar, og til tiltak i andre fylke innafor regionen. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket.

4. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag.

5. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8.4.4).

6. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg.

7. Fylkesmannen har høve til å nytte pengane til gode prosjekt innafor bestandsregistrering og skadedokumentasjon. Slike prosjekt skal samordnast med SNO.

8. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.

9. Tilskot frå 1427.73. skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.4.6.

10. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2012. Rapporten skal, innehalde ei evaluering av tapsreducerande eller konfliktdempande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2012 til DN og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjera.

11. Av ramma på kr 300 000,- til godtgjering av rovviltnemnd og drift av sekretariatet (kap. 1427.21) blir kr 180 000,- sett av som kompensasjon til fylkesmannen i Rogaland for sekretariatsarbeidet.

12. Rovviltnemnda rår til at Direktoratet for naturforvaltning tildeler kr 102 000,- til region 1 for å finansiere vaktordning hos fylkesmennene i 15 veker i beitesesongen frå 1. juni. Ordninga skal sikre raske avgjerd i høve til skadefelling og i høve til akutte førebyggjande tiltak. Tildelinga fordelast likt mellom dei 4 fylka.

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.

03/12: Oppfølging av revidert forvaltningsplan for region 3

Saksopplysningar

Arne R. Øvreås frå Luster har bede rovviltnemnda om å følgje opp forvaltningsplanen for rovvilt i region 3 når det gjeld ynglesone for jerv. Utgangspunktet er at rovviltnemnda i Oppland har gått inn for å endre sona for yngling av jerv til og å omfatte kommunane som grenser til Indre Sogn. Oppland har mål om 4 årlege ynglingar. DN har gitt fagleg uttale til planen, og nemnda kan no gje endeleg vedtak. Med eit slikt vedtak vil det i følgje Øvreås "bli umuleg for oss og dykk i rovviltnemnda å oppfylle målsetjingane i rovviltforliket". Han ber nemnda undersøke om det er høve til å klage, eventuelt ber han nemnda sende protestskriv til MD med kopi til stortingsgruppa m.fl.

I DN sin uttale til jervesona går det fram at dette vil kunne skape utfordringar for prioriterte beiteområde i region 1, men tar til etterretning at nemnda har gjort ein vurdering før førebels vedtak.

Vedtak om forvaltningsplan er ikkje eit eiskildvedtak, og kan såleis ikkje påklagast. Prosessen fram til vedtak er tilsvarende som med forskriftar, med kunngjering og høve til høyringsuttale for alle aktuelle partar.

Vurdering og grunngjeving

Tilrettelegging for yngleområde for jerv i grenseområda mot Sogn i Oppland gjev opplagt større utfordringar med omsyn til å sikre føreseielege prioriterte beiteområde samanlikna med tidlegare sonering. Rovviltnemndene må sjå arealdifferensiering i regionen i samheng med naboregionar, men skal sjølv vedta planen for eigen region. Dersom soneringa på tvers av regionane skulle resultere i for stor fragmentering eller på anna vis vanskeleggjere oppnåing av dei nasjonale måla for rovvilt og beitebruk, vil det vere naturleg at DN fanga det opp i sine uttalar og iverkset tiltak i høve til det. I dette høvet har ikkje DN vesentleg merknad til soneringa for jerv.

Utgangspunktet er at revidert forvaltningsplan er vedteke av region 3, og kan ikkje påklagast vidare. Rovviltnemndene er offentlege forvaltningsorgan med oppgåve å forvalte rovviltet i eigen region innafor gitte rammar. Desse rammane omfattar og gjensidig aksept og tilpassing til gjeldande vedtak i andre nemnder. Sekretariatet vil difor tilrå at det ikkje blir iverksett ein ny runde om dette frå rovviltnemnda i region 1, gitt den formelle høyringsprosessen som no er gjennomført.

04/12: Innspel frå Sogn og Fjordane bondelag om ekstraordinært uttak av jerv i Luster/Årdal

Saksopplysningar

Bondelaget meiner minst 4 jervar må takast ut i desse fjellområda no i vår i regi av SNO. Direktoratet for naturforvaltning (DN) har seinast gitt fellingsløyve på to dyr fram til 9. mars i år. Tidlegare signal om behov for ekstraordinære uttak gjev grunn til å anta at DN vil gje nye løyve utover våren dersom sporfunn og værtilhøve tilseier det. Det er berre DN som kan gje fellingsløyve på jerv i yngleperioden mellom 15.02 og 01.06. I Rovbasen er det lagt inn til saman 16 dokumenterte observasjonar av jerv i kommunane Stryn, Årdal og Luster sidan slutten av januar i år pr 21.03. Vi tar atterhald om eventuelle registreringar som ikkje er lagt inn. Utan DNA-analysar er det uråd å seie med sikkerheit kor mange ulike individ desse funna

representerer. Rovviltansvarleg i SNO kan kanskje gje eit estimat på kor mange jerv det er i Indre Sogn no.

I Stortingets rovviltforlik av 17.06.2011 går det fram at DN sine vedtak om ekstraordinær felling skal først drøftast med rovviltnemndene. Rovviltnemndene skal og sjølv kunne ta initiativ til slik drøfting.

05/12: Orienteringssaker

- Status for kongeørnprosjektet. Syner til vedlagt førebels sluttrapport frå Ambio as.
- Brev frå MD av 03.01.2012: Høyring på endringar i rovviltforskrifta. Frist for innspel er 1. april 2012. Sekretariatet foreslår at det ikkje blir sendt uttale frå region 1. Vi grunnjev det med:
 - o Det meste av endringsforslaga er allereie vedteke som del av rovviltforliket i 2011.
 - o Endringsforslaga gjeld bjørn, ein art som i liten grad er aktuell i region 1.
- Kort orientering om status for felling av rovvilt i region 1 etter avslutta lisensfelling på jerv og mot slutten av gaupejakta. Eventuelle resultat frå ekstraordinære skadefellingar.
- Orientering frå Noralv Distad om møtet med statsråd Solheim 22.03.2012
- Orientering om godtgjering og dekking av reiseutgifter.